

# Referat Årsmøte Rogaland Sau og Geit 2015

Quality Airport Hotell på Sola, 20.-21. februar 2015

**1. Årsmøtedeltakarane blei ynskte velkomen** av møteleiar Sigmund Skjæveland .  
Opning og velkomst av vertskap Strand Sau og Geit, v/Knut Olav Voster.  
Varaordfører i Strand, Alf Henning Heggheim: Strand har dessverre ikkje overnatting til så stor forsamling. Har to hotell, Lilland hotell på Tau og Verkshotellet på Jørpeland.  
Strand har 145 aktive gardsbruk, det er positiv utvikling av unge bønder og ein del nydyrking. 650 mjølkekyr, 5 mill. liter mjølk og 6200 vinterfôra sau. Behov for større satsing på sau. Har potensiale i utmark, ynskjer eit levande kulturlandskap.

**2. Innkalling og sakliste:** Godkjent.

**3. Opprop v/ Berge Kjell Opsal.**

Fire lokallag har ikkje utsendingar til årsmøtet (Jøsenfjord, Kvitsøy, Vikedal/Immland, Årdal)

**4. Val av to til å skrive under protokollen** saman med møteleiar, Sigmund Skjæveland: Dagfinn Knutsen og Hanne Lundal.

**5. Tale av Leiar i RSG, Magne Jakob Bjørheim**

Me har eit godt samarbeid i styret. Det er gledeleg at eg ser ein del nye utsendingar. Styret har kvart år dialogmøter med Fylkesmannen og Mattilsynet. Når det gjeld fotråde, så har Mattilsynet overteke ansvaret frå nyttår. Det har ikkje vore nye utbrot i vinter, men det vil bli tatt stikkprøvar på slakthusa også neste haust.

Det er lisensjakt på jerv, men det er ikkje skutt dyr i vinter. Jerven er sett i Lyseheia 4.2.2015, det har ikkje vore meldingar om ulv, men ørna er eit problem enkelte stader.

Me har eit beiteprosjekt som skal oppfordra til auka bruk av heibeite. Me leiger ut E-bjølger til dei som vil starta med sau på utmarksbeite, og me prøvar å formidla ledig beiteareal. Alle må hjelpe å få sauene heim om hausten, fylkesmannen har pengar til leiting i tome heiar.

Me prøvar å få pengar frå Fylkesmannen til oppgradering av gjetarhytter.

NM i saueklypping skal vere i Bjerkreim til hausten. Oppfordrar alle til å komma å sjå på, og dersom Hallvard Veen i NM-komiteen ber om hjelp, må me stilla opp.

Den nye versjonen av sauekontrollen fungerer bra, og det er mange nye som melder seg inn. Appen er komen, og blir nok til god hjelp for mange.

Jordbruksoppgjæret 2014 var ei utfordring. Det har vore omlegging av tilskottssystemet, der dei store får meir på bekostning av dei små. Me treng alle! Det blei auka tilskott på slakt av kvalitetslam, og det er bra, men me må prøve å auka tilskott til beitedyr dette året. Norge har 3 % dyrkbart areal, og 45 % som kan nyttas til beite. Det er ein ressurs vi må ta vare på. Ingen dyreslag nyttar utmarka betre enn sauene og geita.

Me treng fortsatt meir lammekjøtt. Det er for tida ein god trend i sauehaldet ved at fleire byggjer nye sauehus. Men det er skuffande at Idsøe importerer lammekjøtt til julemiddagen.

Me må ikkje gløyma å verva nye medlemmar. Rogaland er største fylkeslag med 1970 medlemmar. Me aukar mest, og har til nå i år fått 62 nye medlemmar. Kanskje kan me passera 2000, då får me ein ekstra utsending på Landsmøtet. Rogaland har 33 lokallag og det minste har berre 5 medlemmar. Det går an med samanslåing av lokallag for å få dei større.

Me får ein del årsmeldingar i retur pga. feil adresse. Dette må kvar enkelt syta for å få i orden. Det går å logge seg inn på «Min side» å oppdatere adressa sjølv. På heimesida legg me ut ting som skjer i fylkeslaget. Referat frå styremøter og andre møter blir lagt ut her. Fjelldagane er ein flott tur som RSG arrangerer kvart år. I fjor var det i Nord-Trøndelag og dette året går turen til Gotland. Me treng rekruttering, det er gildt å få med yngre folk på desse turane. Ein stor takk til Leif Matnisdal og Olaug Vikingstad for arbeidet dei legg ned.

## **6. Kommenterar til leiaren sin tale:**

*Hallvard Veen:* Kva kan me gjere for å få vekk ørna i Bjerkreim? Ørnekamera, løyve til å skyte ørn? Auka sal av geitemjøl, nå er kvota 97 %. Kje født før nyttår blir geit, kje født etter nyttår er kje heile året. Må jobbe for å endre dette. Tilskott til kje, Geitens år i 2015.

*M.J.* Vanskelig med kamera. Geiterepresentant burde vore med på dialogmøte med Fylkesmannen. Skal jobbe for meir sal på geitemjølprodukt.

*Hanne-Elise Lindal:* Håpar det ikkje vert meir fotrâte. Har lært mykje. Vil takke Bjørn Høyland og Ove Ommundsen for arbeid med å skaffa millionar. Heldige som hadde dei i NSG.

*M.J.* Fortsatt beredskap på fotrâte.

*Johne Halsne:* Størrelse på lokallag, tal medlemmer, kva er aktuelt å sette som grense?

*M.J.* Vanskelig å sette ei grense på tal medlemmer, men 5 er kanskje litt lite?

*Bernt S. Undheim:* Ein del tankar – ikkje nødvendigvis mi meining. Godt jordbruksoppgjær for sau. Har det fått ynskja resultat? Kor langt ned må tilskottet gå for ikkje å få overføringssau? Kva med kr. 500 pr. v.f. sau 1. januar? Kor skal i så fall desse pengane gå? Slaktetilskottet oppfordrar til bruk av kraftfôr. Differensiere: slaktetilskott, utmarksbeite-tilskott. 45 % av Norge kan beites. Kan me få meir pengar til drift av heiane, sperregjerde og transport?

*M.J.* Ikkje lett å få vekk tilskottsauer. Me treng også dei små besetningane.

*Jan Helge Havsøe:* Lagslovane – ynskjer info og diskusjon. Heiaprojekt – radiobjøller skapar interesse. Ynskjer tal og diskusjon.

*Erik Ravndal:* Påsettlam må få tilskott som v.f. sau. Endra telledato? Blir dette jobba med?

*Bernt S. Undheim:* Vanskelig å endre telledato for å få med påsettlamma, det blir ikkje forenkling.

## **10. Foredrag av Tony Barman (Leiar i Norilia)**

Tony Barman starta med å sei at norsk hud er best betalt i heile verda på grunn av den gode kvaliteten. Verdien blir tatt ut i kjøttprisen. Verdien av ulla har minka dei siste 20 åra, pga. meir skinn og mindre ull pr. sau. Linjeklypp er blitt ein stor suksess, det kostar 12 kr/dyr mot før 25 kr/dyr. Det er 16 forskjellige ullklassar, og prisen er omtrent den same hos Norilia og Fatland.

Merinoull er mjuk og klør ikkje, men den er ikkje så slitesterk som den norske. Den norske ulla er sterk og har god spenst, bl.a. pga. klimaet vårt. Me har avla og hatt fokus på kvalitet, der kan Norge konkurrera.

## **Kommentar til Tony Barmann:**

*Hallvard Veen:* Ynskjer Tony Barman til NM i saueklypping.

*Knut Thunheim:* Problemer med nedklassing av ull pga. lengde. Ved kåring av verer: Ullkvalitet må være spenst + my. Ullmengden må brukas når lengda bedømas.

#### **11. Foredrag av Hallvard Ween (Direktør i NHO Rogaland)**

«Greier et samfunn å mobilisere menneskelig skaparkraft, kan alt skje»

NHO har 15 regionkontor, og dei fleste medlemmane er små og mellomstore bedrifter. I Rogaland ordnar me det meste sjølv. Ein viktig kulturarv ligg i misjonshøgskulen, mange sjøfolk og hermetikkfabrikken. Tidligare betydde hermetikkfabrikken meir for økonomien i Rogaland enn olja gjer nå. Næringslivet etterspør arbeidsfolk med «gode tya». Landbruket får mykje pes, men sauen får positiv omtale. Driv du matproduksjon eller landbruk? Tenk nytt, løfta prisen og produser kvalitetsvarer. Det å samarbeida er ikkje å raka til seg, men å dra nytte av kvarandre.

#### **7. Årsmeldinga, gjennomgang av Asbjørn Haga.**

*Livar Nedrebø:* Gjennomgang av årsmeldinga var bare opplesing av reklame, ikkje godt nok.  
*Sveinung Havrevoll:* Skal vere opplesing av årsmeldinga, ikkje bare reklamen. Årsmeldinga skal stemmas over.

*Anne Cath. Grimstad:* Støtter Sveinung når det gjeld årsmeldinga.

*Sigmund Skjæveland:* Det gjekk nok litt raskt, vi hadde litt liten tid.

*Per Johan Lyse:* Kåring i 2015, krav til O-indeks: NKS: 115 og Spel: 110.

#### **8. Rekneskap og budsjett, Alf Torstein Pettersen. Godkjent.**

*Jan Helge Havsøe:* Omlegging av medlemskontingenten, skal me auke budsjettet på kontingenten til 470 millionar?

*Alf T.* Medlemskontingenten skal opp på Landsmøtet.

*Livar Nedrebø:* Skotpremie på rev, får me støtte til lokallaga?

*Alf Dybing:* Budsjett 2014 kåringsgebyr halvert i forhold til rekneskap, 2014?

*Alf T:* Dobbelt opp i 2013, fått for året før.

*Erik Ravndal:* Søkte om skottpremie på rev i desember 2014. Når kjem det?

*Alf T:* Skulle ha fått det, må ha skjedd ein feil. Skal ordne opp i det.

*Sveinung Havrevoll:* Revepremie søknadsfrist er 1. desember. Kva med rever skutt i desember?

*Alf T:* Skal vere med på søknaden for året etter.

#### **9. Innkomne saker: Frå Sør-Jæren Sau og Geit. Forslag om å endra sedvanen om styremedlemmane sin geografiske samansetning.**

- Valgkomiteen i Rogaland Sau og Geit skal bestå av én representant med personlig vara fra hver av de fem valgregionene. (som i dag)
- Valgkomiteen skal arbeide for å finne og sette sammen forslag til det best kvalifiserte fylkesstyret ut fra kandidatenes egnethet og geografiske, faglige og organisatoriske kompetanse.
- Det forutsettes likevel at forslaget omfatter minimum to representanter fra nordfylket og to representanter fra sørfylket.

*Torill Undheim:* Styret ynskjer ikkje å gjere endring. Valkomiteen står fritt til å velja styremedlemmar. Synes det fungerer godt slik som det er i dag.

*Jan Helge Havsøe:* Einig med Sør-Jæren

*Knut Arild Aamodt:* Endre tal år medlemmane i valkomiteen sitter. Ynskjer fleire år.

*Sigmund Skjæveland:* Kan sitja i to periodar, må da veljas på nytt.

*Kjell Åge Torsen:* Kor går grensa i Boknafjorden?

*Sigmund Skjæveland:* Kulepunkt 3 gjer det strengare enn i dag.

*Anne Cath. Grimstad:* Kulepunkt 2 er det viktigaste.

*Knut R. Thunheim:* Dette er diskutert før og regiongrensene er justert.

*Knut Arild Aamodt:* Ynskjer skriftleg at valkomiteen står fritt.

*Tor Olav Gya:* Fungerer godt i dag. Støtt styret.

*Torill Undheim:* Valkomiteen står fritt slik som det er i dag.

*Sigmund Skjæveland:* Stakkar den valkomitemedlem som ikkje finn kandidat frå sin region.

*Hanne-Elise Lindal:* Stryke tredje kulepunkt. Behalde første og andre kulepunkt. Sedvanen er blitt til ein regel om at det må vere styremedlem frå kvar region. Sør-Jæren ynskjer at valkomiteen skal stå fritt.

*Bernt S. Undheim:* Vente med val om dette til i morgon.

*Sigmund Skjæveland:* Redd for splid. Ikkje utsett det.

**VEDTAK:** Fleirtall for å støtte styret. Det blir som før. (19 stemte for Sør Jæren sitt forslag).

**12. Handlingsplan 2015, Torill Undheim. Godkjent.**

*Hanne Lundal:* Apotek 1 i Aksdal godtar ikkje medlemslistene før dei nye kjem 1. mars.

*Torill:* Det er feil, medlemslistene skal gjelde frå 1. mars eit år til 1. mars året etter.

*Kjell Åge Torsen:* Korleis går det med snyltarprosjektet til Atle Domke?

*Torill:* Atle har slutta, me prøver å få ein sluttrapport. Det har beklagelegvis stoppa opp.

*Hanne-Elise Lindal:* Ynskjer at RSG arrangerer kurs for lokallaga i å lage heimesider.

*Jan Helge Havsøe:* Einig med Hanne-Elise. Ynskjer opplæring av tillitsvalte i lokallaga på data og internett. Leiarmøte, kan me invitere dei små raselaga, bondelag mfl.?

*Hanne-Elise Lindal:* Beitelag burde møtast. Ynskjer at fylkesmannen arrangerer samling for beitelaga, RSG må pushe på.

**Festmiddag fredag kvelden.**

Utdeling av pokal til beste indeksver. Det var to verer med heilt lik O-indeks: 145.

Gunvor H. og Jostein Eiane for veren: 201340423 Myrk

Tor Ivar og Lene Gundersen for veren: 201341591 Selehove

Utdeling av pokal til beste bukk:

Anna Olaug og Hallvard Veen for bukken: 20114159 Veen

### 13. Slakteriets time

**Fatland:** Presentasjon av Berit Pettersen.

I 2014 blei det gjort ei omlegging av refusjon for elektroniske øymerke, dykk får nå auka puljetillegg med kr. 0,70 pr. kg, i staden for kr. 12 pr. dyr. Alle Fatland sine bonusar og tillegg baserar seg på tal kg, derfor svarar det seg å levera tunge lam.

Coop sitt grillsortiment er Fatland sitt produkt, og det kjem inn under «Nyt Norge» merket. Fatland arrangerer kvart år eit fagseminar med interessante foredragshaldarar.

#### **Kommentar til Fatland:**

*Hanne-Elise Lindal:* Blir kjøttet merket med opprinnelsesland? (Merket Coop)

*Berit:* Det skal merkes med opprinnelsesland. Det er kun norsk mat som kan være merket med «Nyt Norge».

*Kjell Åge Torsen:* Er ulla skitten? Bryr folk seg om ulla?

*Sveinung Havrevoll:* Ynskjer nøytral bakside på nummerlappane. Blei bestemt i fjor at reklamen skulle fjernas. Er leiar for alle medlemmane.

*Berit:* På årsmøtet i fjor blei det bestemt at den øverste linja på nummerlappane skulle tas vekk. Der stod det: «Slakteriet du bør velje» og det blei fjerna til dette året.

Nortura har hatt sekretær og reklame i 60 år, må kunne tåle Fatlandreklame også.

Fatland betaler for sekretærjobben. Ove Myklebust berekna det til 25 % stilling.

*Dagfinn Knutsen:* Vi kan ha reklame for Prima og Nortura også.

*Tor Olav Gya:* Bruke tida til viktigare ting enn å diskutere slakteri og reklame. Håpar ingen som klagar på reklamen har brukt blokka med Nortura-reklame.

*Hallvard Veen:* NM i saueklipping. Me må ikkje henge oss opp i baksida. Nortura, Fatland og Prima samarbeider godt i NM-komiteen og om innkjøring av lam. Veldig bra!

**Nortura:** Presentasjon av Siri Kvam Haugland.

Nortura har som mål å skapa best mogleg økonomi for bonden. Veldig god sesong i fjor, der Slaktet kom når vi trong det. Ved nyttår var det 280 tonn på reguleringslager, men det vert oppkjøpt. Positiv trend med fleire leverandørar. Oppkjøpet av Prima er ei satsing på framtida

Lamminga – her er det pengar å tene.

Vanskeleg å selja dielam/sommarlam, me ynskjer mest mogeleg lam om hausten.

#### **Kommentar til Nortura.**

*Johne Halsne:* Vereslakt etter 15. november, blir det klassa som vær?

*Siri:* Ikkje ein regel, men verer bør ikkje slaktes mellom 15. november og slutten av februar.

*Knut R. Thunheim:* Kvite øymerker på innkjøpte dyr, f.eks. verene, vereringene må også være nøye med dette.

*Jon Arvid Vassbø:* Kva skjer med kje? Vert dei kassert?

*Siri:* Nei.

*Hallvard Veen:* Lammeringer, samlas dei i sauehus? Skeptisk til dette.

*Siri:* Har retningslinjer som skal følgjes. Andre slakteri har også samlasting.

**Prima:** Presentasjon av Georg Fredrik Ueland.

Bonden må ha same «hatt» heime og i butikken, ynskjer høg pris på kjøttet, men kjøpa billig. Det er strenge krav til Jæren Smak og Prima har eit godt samarbeid med Meny for å selja det. Det er bra med import for å holda lam til marknaden. Dielamma som ikkje vert solgt, vert salta og tørka til pinnekjøtt. Planen vidare er å drive innovasjon på lam.

Leif Håkon Korsbø har nettopp starta i jobb på Prima. Han presenterte seg sjølv.

#### **14. VAL AV NYTT STYRET FOR 2015**

Leiar for 1 år:	Magne Jakob Bjørheim	Attval, 50 stemmer, 8 blanke
Styremedlem for 2 år:	Asbjørn Haga	Attval, 58 stemmer
Styremedlem for 2 år:	Jon Arvid Vassbø	Ny, 58 stemmer
Styremedlem:	Torill Undheim	Ikkje på val
Styremedlem:	Berge Kjell Oppsal	Ikkje på val
1.varamedlem:	Bjarne Østerhus	Attval
2.varamedlem:	Kjell Åge Torsen	Attval
3.varamedlem:	Ane Waage Haakull	Attval

Nestleiar for 1 år:	Asbjørn Haga
Kasserar:	Torill Undheim

Revisor for 2 år:	Tor Olav Gya	Attval
	Egil Svela	Ikkje på val
Varamedlem:	Andre Kjørmo	Attval

Møteleiar til årsmøte 2016: Sigmund Skjæveland, Attval

Utsendingar til Landsmøte 2015: Gir styret fullmakt til å velja utsendingar.

Valnemnd:		
Nord-Rogaland:	Hanne Lundal	Valt for 2 år
Personlig vara:	Arne Frøystad	
Dalane:	Kåre Vaule	Valt for 2 år
Personlig vara:	Nils Fjellanger	

Godtgjersle tillitsvalde i RSG:

Leiar:	kr. 30.000
Kasserar:	kr. 18.000
Nestleiar:	kr. 15.000
Andre styremedlem:	kr. 6.000
1. varamedlem:	kr. 6.000
Leiar avlsutv Rogaland:	kr. 6.000
Andre tillitsvalde:	kr. 700 pr. dag

Tillegg for styremedlemmer for arbeidstid over 20 dagar:  
Kr. 1.400 pr. dag over 6 timer og kr. 700 pr. dag under 6 timer.  
Tillitsvalde gis reise/bilgodtgjerelse etter statens regulativ.

**15. Cathinka Kjelstrup, NSG.**

Cathinka er gjetarhundansvarleg i NSG, ansatt i 50 % stilling og driver sjølv med gjetarhund. NSG har eit gjetarhundråd som setter rammene for gjetarhundarbeidet og er forhandlingspart mot Norsk Kennel Klubb og kontaktledd mot fylkeslaga. Medlemmar i NSG har same rettigheter i NKK til f.eks. registrering av valpar, som andre medlemmar. Ei prøvenemd arrangerer gjetarhundtevlingar som Norgesserie, Nordisk, EM og VM. Medlemskontingenten i NSG har auka for 2015, hovudmedlem: kr. 1500 eller kr. 900, husstandsmedlem kr. 400.

*Hanne-Elise Lindal:* Lagslovane: Deltakar på gjetarhundtrening og stevner, må ikkje krevje hovudmedlemskap.

*Cathinka Kjelstrup:* Skal behalde det gamle systemet, nok å være medlem.

**Beiteprosjektet:** Orientering av Bjarne Østerhus.

Vi har kjøpt 60 nye E-bjøller, så nå har vi 160 stk. til utleige, fortrinnsvis til brukarar som er nye i heia eller bytter til ei ny hei. Vi jobbar også med auka drift i tome heiar.

Hallvard Veen orienterte om NM i saueklypping som skal vere i Bjerkreim same helga som Bjerkreimsmarken.

Magne Jakob takkar Alf Torstein for 8 år i styret, han fekk kopp med sauemotiv, blom og kalligrafi laga av Toril Serigstad Undheim

Møteleiar fekk også takk og blom for godt arbeid.

*Sigmund Spjelund*

*Dagrun Hovsen*

*Hanne Lundal*